



Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr 4

Jol 2023

80. årgang



Foto: Ljosmesse Bygland kyrkje. Foto: Susanne Hegenscheidt

**Dette kan du
lese om i
Kyrkjebladet:**

Andakt	s. 2-3
Ukrainakveld	s. 4-5
Smørbukk til jol	s. 6
Konfirmantleir	s. 7-8
Ljosmesse.....	s. 9
Gudstenesteliste, ætt skal fylgja ættarrad, Me syng jola inn	s. 10
Kontakinformasjon, nytt sokneråd, bispevisitias.....	s. 11

Så enkelt og stille k

Joleandakt av sokne

Så enkelt og stille
kom Gud til vår jord.
Så høyt er jeg elsket
av Jesus, min bror.
Han kom fra Guds himmel,
Gud selv var han lik,
men Jesus ble fattig,
og jeg er blitt rik.

Dette er eit av versa frå ein jolesalme eg sett særst høgt. Den har både ein innhaldsrik tekst og ein vakker melodi. Den heter «En krybbe var vuggen», og har vorte kalla Luthers vuggesalme. Men det er noko usikkert om den eigentleg kjem frå Martin Luther.

Når kyrkjebladet kjem ut til dykk lesarar, er vi langt inne i adventstida. I vår moderne tid er denne tida før jol vorte noko heilt anna enn det den eigentleg var meint å vere. Frå gamalt av var dette ei fastetid, på same måte som vi før påske har ei fastetid i kyrkja.

I kyrkjekunsten er ofte Gud framstilt som ein gammal mann som ser både mektig, sint og streng ut. Det stemmer ikkje i det heile. For det første er Gud ikkje som eit menneske. Gud er ånd, seier Jesus. Og Gud er kjærleik og elsker oss menneskeborn med ein evig kjærleik.

Da profeten Elia skulle møte Gud på fjellet Horeb, så kom Gud korkje i stormen, jordskjelvet eller elden. Men da lyden av ei skir stille kom, drog Elia kappå føre andletet, og gjekk ut og stilte seg i høleopninga. Da var det Gud som kom forbi (Første Kongebok kap. 19). Slik er det når Gud kjem til oss: Så enkelt og stille.

Profeten Jesaja vitnar om noko av det same i kap. 57:

*Så seier han som er høg og opphøgd, han som tronar evig,
Den heilage er hans namn: I det høge og heilage bur eg
og hos den som er knust og nedbøygd i ånda.
Eg vil gje ånda liv hos dei som er bøygde ned,
gje hjartet liv hos dei som er knuste.*

Og kong David minner oss om det same i salme 37: *Ver still for Herren og vent på han!*

I alt Jesus gjorde så levde han etter dette som han sa ein gong: «*Menneskesonen (Jesus) er heller ikkje komen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepeng for mange.*»

Dette synt han både i ord og gjerning. Jesus kjem heller ikkje til oss som ein storm, jordskjelv eller eld. Nei, han står for vårt hjartes dør og bankar på. I Johannes openberrig 3,20 seier han: «Sjå, eg står framfor døra og bankar. Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han.»

Då Jesus rei inn i Jerusalem så var det ikkje med gullforgylt vogn og fire kvite hestar, men på ein eselfole. Då han vart signa til Konge, så var det av ei vanleg kvinne som salva føtene hans. Og då han ville vise si evige kongemakt, gjorde han det ved å vaske læresveinane sine føter. Det var noko kongar og keisarar fekk tenarane sine til å gjere for seg for å syne si makt. Hos Jesus var alt motsett. Han kom for å vere vår tenar.

Og er det jo dette med Guds kome til oss menneske her på vår arme jord som er kjerna i vår jolefeiring. Alt skjedde så forunderleg vakkert. Soga om dette vesle jesusbarnet som vart fødd i ein stall i den vesle byen Betlehem, og som vart sveipt og lagd i ei krubbe, den har rørt ved djupe kjensler hos oss menneske heilt frå den tida joleevangeliet vart skriven av legen Lukas.

For kanskje vi alle har ei lengt etter det enkle og det stille. Kanskje er det ikkje overdådige jolebord og søndagsopne butikkar fulle av dyre og prangande jolegåver som gjev oss det vi inst inne lengtar etter.

Er det ikkje ein indre fred og ein indre rikdom vi eigentleg lengtar etter? Det var det som Jesus kom for å gje oss.

-Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk, seier Jesus. En evig fred i Jesu blod, som Lina Sandell skriv i salmen O Jesus, åpne du mitt øye.

Om Gud til vår jord

prest Kjell Steinbru

«Mi kongsmakt er ikkje av denne verda», sa Jesus. Det er ein annan fred og ein annan rikdom Jesus vil gje oss. Han vil til og med gje oss ein overflod som ingen annan kan gje oss. Men da taler han ikkje om den materielle overflod vi lever med i vårt rike og moderne Noreg. Jesus vil gje oss ein indre rikdom og overflod.

I Johannesevangeliet sin versjon av joleevangeliet skriv Johannes: *Av hans overflod har vi alle fått, nåde over nåde.*

I jola er det heller ikkje berre sjølve soga om det vesle jesusbarnet som kom til jord vi skal ha i tankane. I den vakre salmen Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom, blir vi minna om det. Dette er ein ganske gammal salme som opphавеleg vart skriven av den danske salmediktaren Hans Adolph Brorson tidleg på 1700-talet. Predikanten Hans Nilsen Hauge har skrivne om det siste verset som no lyder soleis:

Kom la min sjel dog finne sin rette gledes stund

At du er født her inne i hjertets dype grunn

Så er joleevangeliet ikkje berre ei vakker forteljing. Det er noko mykje meir. «Vend om, for himmelriket er kome nær!», sa Jesus. Ja, så nær at Jesus vil i vårt hjarte bu.

Joleevangeliet skal fylle oss med tru og von. Det skal gje oss framtidstru og glede.

Det er noko mellom anna Paulus minner oss om i Romarbrevet kap. 15: «Må Gud, som gjev von, fylle dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft.»

Med desse orda vil eg ønskje alle lesarane av Kyrkjebladet ei riktig god og velsigna jolehøgtid. Og velkomen til kyrkja i jola for å høyre meir om denne vidunderlege budskapet frå joleevangeliet: «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.»

Fra krybben til korset
gikk veien for deg,
slik åpnet du porten
til himlen for meg.
Velsign oss, vær med oss,
gi lys på vår vei,
så alle kan samles
i himlen hos deg!

Joleevangeliet

Lukas 2,1-20

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei. Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!» Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

Stor Ukrainakveld på Bygland

Tekst: Svein Kleivane • Foto: Tone Norgarden Gakkestad



Torsdag 17. november hadde Bygland kyrkjelege Fellesråd og diakoniutvalet bede inn til fest på Vonheim bedehus. Og mange kom – over hundre! Opp mot halvparten var Ukrainarar busett i kommunen vår. Der var mykje god mat – både norske og Ukrainske retter. Det fall tydelegvis i god smak, for då me kom var det rikeleg på bordet. Då me reiste – svært lite!

Prostidiakonen vår – Åse Gudrun Thorveit – presenterte og orienterte om sine oppgåver i dalen. Nyvald ordførar (Burgermeister) Runar Granheim kom med helsing til våre Ukrainske vener. Av praktiske årsaker var eit noko avkorta bygdekor – Kong Hanes Eff – i aksjon. Men dei som var der ytte sitt beste, med innslag som lyfte heile kvelden.

Tolken Natasja Degfyareva gjorde ein glimrande innsats. Kvelden vart avslutte med bøn for Ukraina. Det trengs sårt å be om fred, slik situasjonen framleis er i denne delen av Europa. Den norske og Ukrainske nasjonalsongen tona så ut i novemberkvelden.

Bøn for Ukraina.

Gode Gud, vi vender oss til deg i bønn, i bønn om rettferdig Fred i Ukraina.

Krigen er brutal. Mange mennesker lider og er drevet på flukt.



Livets Gud, vi ber for barn og unge som lever i frykt, for alle som har mistet sine hjem, for den som er såret og har mistet noen de var glad i, for alle som arbeider for fredelig løsning, for den som er nedbrutt og ikke ser håp for morgendagen.

Fredens Gud, led verdens ledere inn på fredens vei. Gi vilje og visdom til fred.

Gi trøst til sørgende og HÅP til alle!

La ditt rike komme. Amen!



Smørbukk får seg julelaug.



— Kan du gjera ei vassvending for meg, Smørbukk? Eg lyt stå og røra i julegrauten.



— Ved og vatn! Så læt det heile dagen. Eg er glad det er jul berre ein gong i året.



Nei, der ropar ho mor att! — Du må akta deg for det is-svellet attmed brunnen.



— Støtt så skal det vera så mange åtvaringar og . . Berre dette vesle is-svellet her!



— Gløym ikkje julegrauten, mor! Dette skal eg vel greia like fint no som før.



Men då han skal til å hala i stonga, glepp føtene unna han. — Jamen er her glatt, òg!



Smørbukk nidheld i stonga, men det ber ned i brunnen med han.



— Hjelp! Hjelp! ropar det djupt der nede i den mørke brunnen.



Mor høyrer ropet og kjem. Stonga er langt nede, ser ho, og ho ottast det verste.



Ho skundar seg og dreg opp. Ho skimtar litt i den raude huva hans Smørbukk, men orkar ikkje få han opp åleine.



Men så kjem drengen farande, og han hiver seg på og veg opp. Og Smørbukk kjem! Han står med eine foten i vassbytta.



— Men korleis er det med deg, Smørbukk? spør mor. — Har du gjort deg noko? — Eg fekk berre ei lita flis i handa mi.

Konfirmantleir på Knaben leirskule

Av Kjell Steinbru



Bianka Hiis Uleberg i aksjon.

Siste helga i oktober var Byglandskonfirmantane på leir saman med konfirmantane frå Evje og Hornnes. Og berre for å slå det fast med ein gong: Alt gjekk så greitt. Ein flott gjeng med positive og greie konfirmantar på alle måtar.

Evje og Hornnes stilte med personale til kjøkken og som leiarar. Bianka Hiis Uleberg var den som helt i trådane og leia oss trygt gjennom heile leiren.

Så var det underteikna som hadde all undervisning mens dei andre leiarane hadde seg ein pause i eit par timar. Men undervegs i bibeltimane måtte dei sjå innom om det verkeleg var konfirmantar der, for dei høyrde ikkje ein einaste lyd frå dei mens presten underviste. For dei følgde veldig godt med på undervisninga om bibelen, og om kva det betyr å vere kristen og om bønns mysterium.

På fredagskvelden var dei med på ei lysvandring der dei var innom fleire stasjonar og der dei vart minna om at det store lyset i verda er Jesus. Han vil vere lys inn i våre liv. Vi skal ikkje vandre i mørkret.

På laurdagen hadde vi utflukt til gruveanlegget på Knaben med omvising i gruvemuseet. Der fekk dei mellom anna informasjon om dei dramatiske hendingane under verdskrigen. Konfirmantane var også oppe i det høge tårnet som står der.

Denne helga var det kald vind og minusgrader. Den første snøen kom også denne helga. Så bussen som skulle hente oss attende vart ståande i Tveitekleivane. Så måtte dei få ein annan buss heim att. Den vart sjølvsagt forseinka. Men det gode humøret til konfirmantane let seg ikkje påverke i særleg grad av det.



Gruveanlegget på Knaben.



Knaben Leirskule.

Ljosmesse med konfirmantane

Tekst: Kjell Steinbru • Foto: Susanne Hegensheidt



Også dette året hadde vi ljosome 1. søndag i advent med konfirmantane. Denne gongen var det i Bygland kyrkje. Og det er like vakkert kvar einaste gong. Dette året hadde vi fått tak i levande ljosome som dei heldt høgt oppe med begge hendene, og dette vart om mogeleg endå vakrere enn nokon gong. Ljosome starta og vart avslutta med ei ljosomevandring. Heilt til slutt song vi songen «Lat oss vandre i lyset» mens dei vandra rundt i kyrkja med ljosa. I løpet av gudstenesta bidrog konfirmantane med korte lesingar av mellom anna profetiar frå Det gamle testamentet. Ein av dei er frå profeten Jesaja og lyder soleis: «Det folket som vandrar i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram. For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder.» Det store lyset som profeten skriv om er Messias, Jesus. Og om si store makt sa Jesus dette: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda». Da skjønner vi at dette er ikkje noko eit vanleg menneske kan seie, berre Gud. Og som Gud og Guds son sa Jesus dette: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» Å vere lys i verda tyder ikkje å vere lys for planten vår. Jesus vil vere vårt livsens lys og lyse for kvart menneske. Det er jolevangeliet frå Johannesevangeliet slik som vi skal lese det på Joledagen i Sandnes kyrkje: «Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda». Vi hadde også eit lite skodespel der bodskapen var at vi aldri må miste håpet. Og takk til Ole Christian Carlsen for songen!





Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

Gudstenester
Bygland og Årdal sokn
september 2023–desember 2023

Facebook:

www.facebook.com/

Byglandskyrkjene/

Heimesida:

www.kirken.bygland.no

Søndag 17. desember

Sandnes kyrkje i Åraksbø kl.18.00
Me syng jola inn med Vonheimkoret.

Søndag 24. desember. Jolaftan

Byglandsheimen kl.13.00.
Bygland kyrkje kl.14.30
Jolegudsteneste ved Knut Gakkestad
Organist: Brit Haugen
Preiketekst: Lukas 2.1-20. Jesus blir fødd
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Søndag 24. desember. Jolaftan

Årdal kyrkje, Grendi kl.16.00
Jolegudsteneste ved Kjell Steinbru
Vi går rundt joletreet.
Organist: Oddbjørn Stakkeland
Preiketekst: Lukas 2.1-20: Jesus blir fødd
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Måndag 25. desember. 1.joledag

Sandnes kyrkje, Åraksbø kl.16.00
Gudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Knut Olav Uppstad
Preiketekst: Johannes 1.1-14: Ordet vart menneske
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Måndag 1. januar.

Nyårsdag/Jesu namnedag
Årdal kyrkje kl.11.00
Nyårgudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Knut Olav Uppstad
Preiketekst: Matteus 1,20b-21: Du skal gje han namnet Jesus
Takkoffer til Lego Romania

Søndag 21. januar.

3. søndag i openberringstida
Sandnes kyrkje kl.16.00
Gudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Knut Olav Uppstad
Preiketekst: Johannes 4,4-26: Jesus og den samaritanske kvinna ved brønnen
Takkoffer til Israelsmisjonen

Søndag 4. februar.

Kristi forklåringsdag
Bygland kyrkje kl.18.00
Gudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Knut Olav Uppstad
Side 10 forts.

Preiketekst: Markus 9,2-13: Lær-
esveinane får sjå Jesu herlegdom
Takkoffer til Misjonselskapet

Søndag 3. mars.

3. søndag i fastetida
Sandnes kyrkje kl.16.00

Visitasgudsteneste ved biskop Stein Reinertsen
Organist: Knut Olav Uppstad
Preiketekst: Markus 9,17-29: Jesus lækjer ein gut med ei vond ånd
Takkoffer til Byglandsfjord barnekor

Søndag 24. mars. Palmesøndag

Hovatn ved Åraksbø kl.12.00
Friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Hans Jürgen Wiehe
Preiketekst: Matteus 26,6-13: Jesus blir salva i Betania
Takkoffer til Åpne Dører

Skjærtorsdag 28. mars

Årdal kyrkje kl.16.00
Gudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Knut Olav Uppstad
Preiketekst: Lukas 22,14-23:
Nattverden
Takkoffer til Bibelselskapet

Langfredag 29. mars

Sandnes kyrkje kl.19.00
Langfredagsgudsteneste ved Kristina Grundetjern
Organist:
Preiketekst: Markus 14,26- 15,37:
Lidingssoga
Takkoffer til Kirkens SOS

Påskedag 31. mars

Bygland kyrkje kl.16.00
Høgtidsgudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist:
Preiketekst: Matteus 28,1-10: Jesus står opp frå grava.
Takkoffer til Misjonsalliansen.

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD




Døypte

Teodor Aakhus, døypt 17.09.2023 i Sandnes kyrkje, Åraksbø
Thale Madsen Helle, døypt 23.09.2023 i Sandnes kapell

Døde

Magnhild Rygg, født 04.03.1936, død 23.09.2023
Vilborg Skomedal, født 08.08.1935, død 08.09.2023
Ingebjørg Besteland, født 29.10.1926, død 14.10.2023
Liv Blix Austad, født 09.06.1922, død 19.09.2023
Knut T Austad, født 09.08.1952, død 05.10.2023



Jolestemning på Revnes Hotel

Tekst og foto: Olav Nilsen

Kvart år møtest dei kyrkjeleg tilsette og medlemmar av Bygland og Årdal sokneråd til ei førjolssamling med god mat, drøfting av aktuelle saker, og samtale om arbeidet i kyrkjelyden vår på Revnes hotel. I år hadde me med oss Kristian J Varmo Andresen, som for tida er på ARA Byglandsfjord. Han song "O Helga natt" og andre kjende jolesongar med ein stemmeprakt og ei innleving som få andre eg har høyr. Og eg trur ikkje det var eitt turt auge i forsamlinga då han framførte desse kjære jolesongane til tonar frå vår eminente pianist Knut Olav Uppstad!

Takk til Gud som sendte ein så gild og god songar i vår veg! Og må Gud velsigne han rikeleg på vegen vidare!

Nytt sokneråd

Tekst: Olav Nilsen

I samband med kyrkjevalet i haust vart desse vald inn i Bygland og Årdal sokneråd:

Ann-Cecilie Andersen, Øyvind Aakhus, Tor Austad Bjørgum, Liv Sigrun Upsal, Gro Tove Frafjord Sandnes, Even Simensen og Susanne Hegenscheidt.

På det konstituerande styremøtet vart Gro Tove Frafjord Sandnes vald til leiar, og Susanne Hegenscheidt til nestleiar og medlem av styret i Øvre Otredal Prostidiakonisamarbeid.

Kyrkjeverje Olav Nilsen er framleis sakshandsamar og sekretær for soknerådet og fellesrådet og sokneprest Kjell Steinbru kyrkjas geistlege representant.

Medlemmene i det nye soknerådet verkar godt motivert for styreoppgåvene, og me ser fram til eit godt samarbeid i målet om å nå ut med kyrkjas gode budskap til endå fleire i kyrkelyden vår.

Ny bispevisitas!

Tekst: Olav Nilsen

I veke 9 til neste år, det vil seie onsdag 28. februar, torsdag 29. februar og søndag 3. mars vert det bispevisitas i Bygland og Årdal sokn.

Sia det og er bispevisitas i Åseral same veka, startar visitasen i vår kommune onsdag ettermiddag. Då er det planlagt vitjing på ARA Byglandsfjord, og deretter samling på Revsnes hotell for biskopen og hans følge, saman med mellom anna sokneråd og tilsette i Bygland og Årdal sokn.

Torsdagen startar med vitjing på KVS Bygland, møte med Bygland kommune, og andre programpostar som i skrivane stund ikkje er heilt avklara. På ettermiddagen reknar me med det vert ein liten konsert i Bygland kyrkje, og på kvelden gjentek med suksessen med endå ein ny Ukrainakveld på Vonheim bedehus!

Søndag 3. mars kl.16.00 vert det så visitasgudsteneste i Sandnes kyrkje Åraksbø.

Me vonar Byglendinar og anna godtfolk allereie no set av tid til deltaking både på konsert, Ukrainakveld, visitasgudsteneste og eventuelt andre opne arrangement, så bispevisitasen kan bli til glede og inspirasjon – ikkje berre for kyrkjelyden, men for heile Bygland kommune!

Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18, 4745 Bygland
Bygland kommune: **37 93 47 00**

Heimeside: kirken.bygland.no

Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon: 473 28 472

E-post: kjell.steinbru@kirken.bygland.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon: 982 99711

E-post: kbnilsen@hotmail.com

Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Gro-Tove Frafjord Sandnes

Mobil: 950 44185

E-post: gro.tove74@gmail.com

Nestleiar: Susanne Hegenscheidt

Mobil: 941 74761

E-post: susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no

Tilsette

Organist

Hans Jurgen Wiehe 915 47 804

Knut Olav Uppstad (eige firma)

Mobil: 400 41041

Mail: uppstad@gmail.com

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad 948 80 383

Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid. 462 39056

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane 977 74 321

Reinholdarar

Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034

Marie Bue (Bygland) 48 210259

Gro Tove Frafjord Sandnes

(Sandnes) 950 44185

Kari Aud Bakke Svenningsen

(Årdal) 911 60315

Prostidiakon

Åse Gudrun Thortveit 916 85159

Mail: aasegudrun@hotmail.com

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje



*Bygland kyrkje i vinterdrakt
Foto: Olav Nilsen*